



Tysseland Arkitektur as
Magnar Tysseland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3098 - 15/22823

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
21.12.2015

Godkjenning - søknad om løyve til igangsetting av utomhusanlegg til byggjeområde B16 på gbnr. 22/246 i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 444/2015

SAKSUTGREIING

Det vert vist til søknadar datert 21.8.2015 om respektivt endring av gitt rammeløyve og løyve til igangsetting (IG) av utomhusarbeid innanfor byggjeområde B16 på gbnr. 22/246 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven §§ 20-1 – 20-3.

Gjennom vedtak av 26.10.2015 godkjente kommuneadministrasjonen nemnde søknad om endring av rammeløyve med revidert situasjonsplan og teikningar, jf. adm. sak 385/2015. Administrasjonen skal difor i det følgjande handsame søknaden om IG for heile utomhusanlegget med tilhøyrande søknad om godkjenning av føretak for utføring av grunn- og murarbeid.

Det er tidlegare gitt løyve til utføring av utvendige VA-installasjonar i eitt trinn, jf. vedtak av 10.7.2015 i adm. sak. 241/2015.

Søknad om løyve til oppføring av carport – innteikna søraust i situasjonsplanen som vart godkjent gjennom det reviderte rammeløyet – vert handsama som eige byggjetiltak.

VURDERING

Planstatus

Det vert vist til vurderinga som ligg til grunn for rammeløyet.

Nabovarsling

Dei omsøkte byggjearbeida vert vurdert som tilstrekkeleg varsla i samband med den opphavlege søknaden om rammeløyve.

Utforming, utsjånad, avstand frå nabogrenser og veg mv.

Byggjearbeida skal utførast i samsvar med dei krav og vilkår som følgjer av revidert rammeløyve av 26.10.2015, under dette òg situasjonsplan sist revidert 19.8.2015 og 3d-illustrasjonar sist revidert 20. sm.

Parkeringsdekning, grad av utnytting og tilknytning til infrastruktur

Det vert vist til respektivt revidert rammeløyve av 26.10.2015 og vedtak om byggjeløyve tilknytt dei einskilde rekkjehusa innanfor B16. Med omsyn til parkering vært det særleg vist til rekkjehus B164.

Godkjenning av føretak for ansvarsrett

Gjennom det opphavlege rammeløyvet av 3.7.2015 vart Tysseland Arkitektur AS godkjent som ansvarleg føretak for funksjonane SØK og PRO av utomhusareal, jf. adm. sak 228/2015.

I samband med føreliggjande søknad om IG godkjenner administrasjonen føretaket Magne Hope AS (org.nr. 918 336 016) som ansvarleg utførande av grunn- og murarbeid innanfor tiltaksklasse 1 i samsvar med søknad datert 20.6.2014.

Vedtak

Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd løyve til igangsetting av utomhusanlegg tilknytt byggeområde B16 på gbnr. 22/246, jf. søknad datert 21.8.2015.

Arbeida skal utførast i samsvar med dei krav og vilkår som følgjer av revidert rammeløyve av 26.10.2015 i adm. sak 385/2015 og tilhøyrande situasjonsplan sist revidert 19.8.2015.

Søknad om løyve til oppføring av carport – innteikna søraust i nemnde situasjonsplan – vert handsama som eige byggjetiltak.

Byggjeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gitt, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.

Opplysningar om bygget som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av tiltaket må takast i bruk til det omsøkte formålet før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden om IG vert ettersendt, jf. høvesvis pbl. § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. fvl. §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med venleg helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Tysseland Arkitektur as

Magnar Tysseland